



Det svinga mest av ABBA og Beatles...(Foto: Ola Matti Mathisen)

**20-åringen "Røysterett for alle", koret med songarar frå Neslia til Sunde, kunne notere seg for ein knallsuksess med festforestillinga "Frå låvedør til Liverpool" i Kulturhuset Husnes laurdag kveld. Rundt rekna 400 kom og var med på ei forrykande musikalsk reise med stor repertoarmessig vidde. Framleis – synest vi - er koret best på Beatles, som det i grunnen har spesialisert seg på gjennom ei årrekkje. Men no kjem dei også sterkt med Nordstoga!**

- Det har vore ein laginnsats utan like, sa leiar Svein Rimestad i takketalen sin. Han hadde naturleg nok den første blomkvasten til dirigent og kunstnarleg leiar Maria Malmsten. Forestillinga var i grunnen ein eksamen for henne, no vart det enda klarare for alle at ho har gjort ein kjempejobb med koret sidan ho tok over. Ho har sjeldne evner både musikalsk og pedagogisk og er i tillegg ein inspirator av stort format. Den andre blomkvasten hadde Rimestad til dei fem muskarane med kapellmeister Frode Kaldestad i spissen, som gav konserten eit kraftig ekstra løft.

Forestilling er forresten eit langt meir dekkande ord enn konsert og den starta allereie då publikum kom til Kulturhuset. Dei vart helse velkommen av songarar med høge hattar og brusande fjør medan muskarane slo an den rette fest- tonen. Og programmet var gjennomsyra av vellukka tablå. Det som slo best an var nok då Lars Henrik Skogtun trilla ein gris inn på scena som illustrasjon til Nordstogas "Kveldssong for deg og meg". At grisen ikkje hyla det minste skal vi ikkje klandra Skogtun for.

Ein spesielt festleg effekt kom i scenebilete nummer tre, då jentene myldra inn i strutteskjørt for å illustrera ein viktig musikalsk tidbolc..

Den sanglege rundreisa starta på bondelandet og også i denne bolken fekk vi i tur og orden høyra songar som koret har gjort lukke med før: Friaren, bruremarsj frå Seljord. Seint i kveld, So ro godt born, bånsull, Jonsok-kvelden og Syner i løvsprikningen. Også i andre del var det kjend stoff frå korets tgradisjonelle repertoar, til dømes Tourdion og Now Is The Month Of Maying.



Stilig korleiar: Svein Rimestad. (Foto: Ola Matti Mathisen)



1960-talet vart gjenskapt på scena. (Foto: Magne Fitjar, innsida.no)

Men her var det også noko svært lovande nytt: Malene og Vandringsvise av Odd Nordstoga, for første gong i korarrangement som Einar Steinkopf hadde hatt ei svært lukkeleg hand med. Her må koret ha hatt ei svært krevjande innøving saman med bandet, men resultatet var svært vakkert!

Ei anna positiv oppleving var Svein Rimestad som song solo med si fine bassrøyst til den skotske Kvannsanketid. Og ikkje nok med det – han hadde også ansvaret for den norske teksten. Apropos solistar: Maria Malmsten let den vakre røysta si høyra som solist i Arvid Hansens utruleg vakre Attmed Nøkkrostjønna..

Men det svinga mest av del nummer tre, med to ABBA-songar og fire gonger Beatles. Ikkje kan vi setja opp nokon rangordning her, men etter vår smak er Eight Days a Week koret sin signaturlomodi nummer ein.

Av Ola Matti Mathisen



Maria Malmsten har gjort ein kjempejobb med koret. (Foto: Aasmund Taarn Sande, Kvinnheringen)